

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Tysdag den 1.oktober kl. 18.00 – 20.00 holdt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 25.09.2019

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte; Bent Rune Sinnes Tor Helge Hardeland, Arild Steinsland, Hildur Larsen, Eirik Eriksen og Kjell Gunnar Nymark
Astrid Farestveit Gane frå 18.30

Forfall frå; Ragnhild Lysen

Merknader til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen; Ottar Krakk, Kyrkjeverje

Saker til behandling:

Sak 15/2019 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv

Sak 16/2019 Revisjonsrapport – Rekneskap 2018

Sak 17/2019 Kyrkjeval 2019

Sak 18/2019 Minnelund Sveio Sentrum


Sak 19/2019 Måldokument

Sak 20/2019 Økonomi og Delegasjonsreglement

Sak 21/2019 Møteplan

Sveio, 02.10.2019

sign
Bent Rune Sinnes
Leiar



Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll:

Bent Rune Sinnes

Tor Helge Hardeland

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 15/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

**Sak 15/2019 Godkjenning av referat og innkalling
Informasjon og skriv**

- **Orientering om ulike rehabilitering-/vedlikehaldsprosjekt**
 - **Maling Sveio kyrkje + gjerder**
 - **Brannvarsling Valen kapell og Sveio kyrkje**
 - **Varmepumpe – Førde Kyrkje**
 - **Kloakk – Eikeland Kapell**
- **Løn – Sentrale forhandlingar 2019**

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 16/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 16/2019 Revisjonsrapport – Rekneskap 2018

Rekneskap 2018 er revidert og funne i orden av KPMG revisjon. Revisjonsrapport er datert 22.mai, men først mottatt 25.6. KPMG konkluderer med at rekneskap i det vesentlege er i samsvar med budsjett. Vidare at årsmelding er konsistente med årsrekneskapen samt at dokumentasjon av fellesrådet sine rekneskapsopplysningar er i tråd med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Rekneskap er tidlegare godkjent av Sveio kyrkjelege Fellesråd, sak 04/2019.

Dokument i saka:

KPMG: Uavhengig revisors beretning, datert 22.05.19

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek KPMG si revisjonsberetning til orientering.

Fellesrådet sitt vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek KPMG si revisjonsberetning til orientering.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 17/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 17/2019 Kyrkjeval 2019

Kyrkjevalet 2019 er gjennomført i våre to sokn. Det er sokneråda som er valstyre i dei to sokna. Samtidig har administrasjonen eit betydeleg ansvar for gjennomføring av valet. Det vert derfor ei kort sak for Fellelsrådet.

Gjennomføring av kyrkjevalet er arbeidskrevjande både for administrasjonen og for valstyra. Dette gjeld fleire forhold som nominasjon, planlegging, gjennomføring og etterarbeid.

For administrasjonen sin del vil vi anslå at det har gått med rundt 150 arbeidstimar i denne prosessen. Nominasjonskomiteane og sokneråda har og lagt ned eit betydeleg antal timar for gjennomføring av valet. I tillegg kjem valfunksjonerar og tellekorps på valdagen. Desse er godtgjort med kr 157,-/time.

Det var krevjande og finna kandidatar til listene. I Sveio sokn kom ein ut med ei liste på 12 namn. Det var ønskeleg med minimum 13 namn, jf. 8 medlemmer og 5 vara. I Valestrand og Førde Sokn greidde ein kun å få på plass 6 namn til lista medan 13 er ønska. Dessverre var ingen av desse 6 heimehøyrande i Valestrand. Det vart i begge sokna ført på ekstra namn ved valet slik at ein i begge sokna har fått fullt råd og 5 varamedlemmer i Sveio sokn og 1 varamedlemmer i Valestrand og Førde sokn. Desse ekstra namna vart ført på og vart valt inn utan å ha sagt ja til å stå på lista. Det kan sjå ut til at fleire er interesserte i å gjera ein innsats i soknerådet likevel.

Det var ein liten nedgang i valdeltakinga.

Økonomi:

Det vert mottatt tilskot til gjennomføring av valet. Tilskotet var på kr.47393,- . Dette tilskotet dekkjer dei direkte utgiftene ved valet. Alle utgifter er ikkje klare enda, men dei direkte kostnadane ser ut til å ende på omlag 25000,- Det er då ikkje rekna utgifter til løn til tilsette som har arbeida ut over normal arbeidstid. Dette er tidsbruk som vert avspasert. Det er heller ikkje rekna husleige for Sveio Soknehus.

Utfordringar:

Ein av dei største utfordringane er å få tilstrekkeleg med motiverte kandidatar til sokneråda. Me er heldige og har mange som ønsker å stilla. Samtidig er det deler av begge sokna som er lite representert. Dette gjeld i hovudsak Valestrand og Vikse området.

Det er mottatt nokre henvendingar der medlemmer m.a. har ønske meir informasjon om kandidatane i forkant av valet. Det er ein utfordring å finna gode løysingar på å gjera valet kjent og kandidatane kjende mv ute blant medlemmene.

Ein annan utfordring er at me er sårbare. Me er få tilsette og dette betyr m.a. noko i forhold til gjennomføring av førehandsvalet. Det skal vera minimum to stemmemottakarar, dette set grenser for når ein kan ta i mot stemmer. I år vart det kun tatt i mot stemmer i opningstida til kyrkjekontoret, kl. 10-14 tysdag, onsdag og torsdagar. Det er grunn til å tru at dette kan forklara ein viss nedgang i talet på førehandstemmer. At me ikkje lenger har kontorlokaliteter på kommunehuset kan og ha betydning.

Det er soknerådet som er valstyre. Det var personar frå begge råda til stades ved oppteljing. Dersom valstyra hadde fått opp problemstillingar av vanskeleg karakter var det ein svakhet at det var få medlemmer av valstyra til stades.

Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer at valet er tilfredstillande gjennomført og at utfordringane har vore av ein art som er handterbart for administrasjon og valstyra.

Samtidig må me merke oss at det er utfordringar med rekruttering til råda og eg vil utfordre oss alle, men særleg sokneråda til å arbeide bevisst med å rekruttering av kandidatar til neste Soknerådsval i 2023.

Det er og slik at avvikling av kyrkjevalet krev mykje tid av dei tilsette. Dette vil naturleg nok gå ut over anna arbeid. Vi er særleg sårbare med kun to kontortilsette. Ein god avvikling av val forutsette at me prioriterer tilstrekkeleg med tid til dette, jf og at det er lenge mellom kvar val slik at rutinar etc må friskast opp igjen.

Det same gjeld og sokneråda/valstyra som naturleg nok ikkje får innarbeida sine rutinar etc for gjennomføring av val. Her er det og ofte ein del utskifting frå periode til periode – samtidig som det og er ein viss kontinuitet.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd seier seg nøgd med gjennomføringa av kyrkjevalet 2019.
- Sveio kyrkjelege Fellesråd merkar seg at det er utfordringar ved gjennomføring av valet og vil utfordre valstyra og administrasjonen til å ta desse momenta med seg til neste val.

Behandling i møte:

Drøfting av ulike moment rundt valgjennomføring.

Fellesrådet sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd seier seg nøgd med gjennomføringa av kyrkjevalet 2019.
- Sveio kyrkjelege Fellesråd merkar seg at det er utfordringar ved gjennomføring av valet og vil utfordre valstyra og administrasjonen til å ta desse momenta med seg til neste val.
- Ein ber administrasjon og valstyra særleg merka seg:
 - Betre tilrettelegging for førehandsrøysting
 - Betre informasjon om både lokale kandidatar/listar og Bispedømmerådsval
 - Utfordringar med å få listekandidatar frå deler av kommunen (Valestrand og Vikse)

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 18/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 18/2019 Minnelund Sveio

Minnelunden på Sveio Sentrum kyrkjegard vart anlagt ved opparbeiding av gravplassen i 2012/2013. Den er imidlertid ikkje tatt i bruk enda og er heller ikkje klargjort for montering av minneplakettar. Så lenge den ikkje er klargjort vil den og i mindre grad vera aktuell å ta i bruk.

Ved utviding av gravplassen i Førde i 2017 vart det her tilrettelagt for minnelund og oppsetting av minneplakettar. Det er montert plakettar som er gravert med eit kjent dikt av Olav H. Hauge;

Det er den	----	
Draumen	At dører	
Me ber på	Skal opna seg,	At me ei
--	At berget	Morgonstund
At noko	Skal opna seg,	Skal glida inn
Vedunderleg skal skje,	-----	På ein våg
At det må skje-	At kjeldor	Me ikkje har visst um
----	Skal springa –	
At tidi	At draumen	
Skal opna seg,	Skal opna seg,	
At hjarta	----	
Skal opna seg,		

I tillegg til desse plakettane med diktet er det tanken å montera plakettar med informasjon om dei som er sett ned i urne i minnelunden; Namn, fødsel- og dødsdato.

Etter drøftingar med gravør ser vi at denne løysinga frå Førde og kan vera aktuell for gravplassen ved Sveio kyrkja. Den må tilpassast noko sidan den her må monterast på ein svakt hellande stein og ikkje loddrett mur som i Førde. Tilpassinga består i at den må monterast med fire skruar og ikkje to som i Førde. Den må og ha ein liten avstandshaldar til steinen som ligg rundt minnelunden slik at den kjem litt opp frå flaten.



Sveio - Minnelund



Førde – Minnelund - Med monterte plakettar

Kostnader

Ut frå kostnader i Førde kan me anslå kostnadane til å vera mellom 15-20.000,- kroner. Det vil vera mulig å ta dette innanfor rammene, ev av oppsparte fondsmidlar.

Dersom ein skulle velja plakettar med eit anna dikt e.l. vil det koma tilleggskostnader.

Vurdering

Vi har i dag ein minnelund som ikkje er tatt i bruk og som og i liten grad er kjent ute blant innbyggjarane i Sveio. Den er heller ikkje tilstrekkeleg klargjort til at me pr i dag kan forventast bruk. Erfaringane frå Førde tilseier ikkje stor etterspurnad, men frå nabokommunar som Stord og Bømlo er det kjent at Minnelundane vert tatt i bruk.

Ein minnelund kan vera eit godt alternativ for t.d. dei som ikkje har nære pårørande i nærområdet slik at det er utfordrande å stella grava.

Kostnadane med å montera plakettar er avgrensa. Minnelunden vil ved dette tiltaket stå fram som mykje meir klar dersom det kjem førespurnad om å ta den i bruk.

Kyrkjevevja vil derfor tilrå at fellesrådet legg til rette for montering av minneplakettar og monterer plakettar med diktet til Olav H. Hauge. Sjølv om det ville vera argument for å bruka ulike dikt/ord på dei to minnelundane kan bruk av same dikt gjera at det er ein heilskap mellom dei to minnelundane. Utforminga av minnelundane elles er vesentleg forskjellig.

Kyrkjevevja vurderer ikkje at montering av plakettar er av ein slik art at det er ein «*vesentlig endring*». Det er derfor ikkje behov for godkjenning hos kommune og biskop for dette tiltaket, jf § 4 i Lov om gravplassar mv.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak

1. Det vert montert Plakettar med Dikt av Olav H. Hauge på minnelunden i Sveio.
2. Det vert lagt til rette for vidare montering av plakettar for namn, fødselsdato og dato for dødsfall.
3. Kostnadar på inntil kr.20.000,- vert tatt innanfor ramma. Om nødvendig vert den finansiert via disposisjonsfond.

Behandling i møte:

Drøfting og orientering av ulike moment rundt saka.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Det vert montert Plakettar med Dikt av Olav H. Hauge på minnelunden i Sveio.
2. Det vert lagt til rette for vidare montering av plakettar for namn, fødselsdato og dato for dødsfall.
3. Kostnadar på inntil kr.20.000,- vert tatt innanfor ramma. Om nødvendig vert den finansiert via disposisjonsfond.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 19/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 19/2019 Måldokument for kyrkja i Sveio.

Våren 2019 vedtok Fellesrådet ein revisjon av dette dokumentet. Dokumentet er frå 2010/2011 og har ikkje blitt revidert sidan.

Staben har i løpet av vår/forsommar gått gjennom og revidert dokumentet. Sokneråda har i tillegg hatt utkast til dokument oppe og har gjort vedtak og kome med innspel til dokumentet;

Valestrand og Førde Sokneråd hadde saka opp i sitt møte 4.9.2019 og gjorde følgjande vedtak;

*Sak 39/19 Måldokument for Kyrkja i Sveio
- Soknerådet har gått gjennom dette og tatt det til
etterretning. NB! Måldokument bør delast ut til alle nye
soknerådsmedlemmar etter valet.*

Sveio Sokneråd hadde saka oppe i sitt møte 18. september 2019 og gjorde følgjande vedtak;

Sak 62/19 Utkast til måldokument

Vedtak:

Sveio sokneråd ynskjer at måldokumentet for kyrkja i Sveio skal bli tydelegare på mål på kort og lang sikt, og synleggjere tiltak for å nå måla. Måldokumentet kan bli supplert med ytterlegare fokus på behov i Sveio. Dette kan mellom anna vere diakoni og kyrkja sitt samfunnsansvar med vekt på behov for å inkludere og å gi omsorg. Vidare arbeid med planen blir i samarbeid med staben.

VURDERING:

Denne gjennomgangen som til nå er gjennomført har ikkje hatt preg av å vera ein fullstendig gjennomgang og den har heller ikkje gått gjennom alle sider ved mål og beskrivelse av arbeidet. Dokumentet ber preg av «her er me nå» på dei forskjellige arbeidsområda. Det kunne vore ein fordel og tatt ein mykje grundigare gjennomgang der me hadde involvert enda fleire og gjerne fått arbeida med våre mål og arbeidsmåtar mv. Dette ville imidlertid krevja meir enn det stab og øvrig organisasjon hadde kapaistet til nå i 2019.

Slik eg som kyrkjevevjer vurderer det gir måldokumentet slik det nå ligg føre ein oversikt over det arbeidet som me utfører. Ein oversikt som både kan nyttast for intern vurdering i staben, men og ein oversikt som kan gi nye rådsmedlemmer ein oversikt over det arbeidsfeltet som rådstruktur og dei tilsette har ansvar for.

I lys av Sveio Sokneråd sitt vedtak kan me slik eg vurderer det likevel ikkje nå vedta dokumentet slik det ligg føre. Det vil vera behov for å arbeida grundigare med dette dokumentet og involvera dei nye

sokneråda i dette arbeidet. Dette vil kreva at me gir oss tilstrekkeleg tid til at dei nye sokneråda får «sett seg litt» samt at dei i samarbeid med staben kan arbeida fram eit betre dokument der ein tydlegare får fram kva mål me set oss og kva tiltak som vert sett i verk for å nå desse. Samtidig treng me eit dokument som gir ein beskrivelse av dei aktivitetane som skjer i kyrkjelydane.

På bakgrunn av at Sveio sokneråd sitt vedtak vil eg tilrå at Sveio Sokneråd vert utfordra til å gå vidare med ei skisse til nytt måldokument. Ei slik skisse vil kunne danna ramma for eit nytt måldokument. Me tek då sikte på eit dokument som i mindre grad er ein beskrivelse av dagens aktivitetar.

Slik eg vurderer det bør denne skissa leggst fram for begge sokneråda og staben før ein går vidare med ei konkret utarbeiding av eit måldokument.

Dokument i saka:

- Nytt utkast til måldokument for Kyrkja i Sveio
- Sak 07/2019 Måldokument for kyrkja i Sveio

Kyrkjeleverja sitt framlegg til vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd tar til etterretning at utkast til «Måldokument for kyrkja i Sveio» er eit dokument som viser kyrkja i Sveio sitt arbeid pr. i dag.
- Sveio kyrkjelege Fellesråd ser at dokumentet kunne hatt ein tydlegare målretta utforming
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at Sveio sokneråd arbeidar vidare med ei skisse til nytt måldokument, jf. deira innspel på føreliggande dokument. Vidare arbeid med dokumentet vert i samarbeid mellom råda og staben.
- Ein tek sikte på å ha eit ferdig nytt måldokument klar innan desember 2020.

Behandling i møte:

Det er ønskeleg å arbeida meir med tematikken som vart tatt opp i måldokumentet. Det er ønskeleg å bearbeida dokumentet vidare.

Fellesrådet sitt vedtak:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd tar til etterretning at utkast til «Måldokument for kyrkja i Sveio» er eit dokument som viser kyrkja i Sveio sitt arbeid pr. i dag.
- Sveio kyrkjelege Fellesråd ser at dokumentet kunne hatt ein tydlegare målretta utforming
- Sveio Kyrkjelege Fellesråd ber om at Sveio sokneråd arbeidar vidare med ei skisse til nytt måldokument, jf. deira innspel på føreliggande dokument. Vidare arbeid med dokumentet vert i samarbeid mellom råda og staben.
- Ein tek sikte på å ha eit ferdig nytt måldokument klar innan desember 2020.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 20/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 20/2019 Økonomi og Delegasjonsreglement

Det er i tråd med sak 05/2019 utarbeida eit nytt økonomi og delegasjonsreglement for Sveio Kyrkjelege Fellesråd. Bakgrunnen er at gjeldande reglement er frå 1997 og er tildels ikkje lenger i tråd med praksis.

Det er utarbeida eit nytt reglement som går noko breiare enn gjeldande reglement. Det er bygt på gjeldande regelverk i tillegg til at det er tatt utgangspunkt i m.a. Bømlo kommune sitt nyleg vedtatt reglement.

Utkast til reglement har vore oppe i begge sokneråda:

Valestrand og Førde sokneråd tok i sitt møte 4.9 opp saka, sak 37/2019 og gjorde følgjande vedtak: *«Soknerådet har gått gjennom dette og tatt det til etterretning»*.

Sveio Sokneråd hadde saka oppe 18.9 og gjorde følgjande vedtak:

«Sveio sokneråd godkjenner økonomi og delegasjonsreglementet slik det ligg føre. Soknerådet ber om at styret for Sveio soknehuset handsamer økonomi- og delegasjonsreglementet.»

Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer at reglementet som nå ligg føre regulerer dei nødvendige forholda mellom råd og kyrkjeverje samt internt i råda. Det vil kunne vera behov for at eit slikt reglement vert revidert etter noko tid.

Kyrkjeverja deler Sveio sokneråd sin påpeiking av at reglementet og bør opp i styret for Soknehuset. Sameige Sveio Soknehus er eigd av dei to sokna, noko som vil vera førande og for styret av soknehuset. Det er samtidig eit klart behov for at styret for soknehuset er innforstått med nytt reglement og at det derfor bør tas opp i styret der.

Dokument i saka:

- Økonomi og delegasjonsreglement for Sveio Kyrkjelege Fellesråd, Sveio sokneråd og Valestrand og Førde sokneråd
- Sak 05/2019 Delegasjonsreglement og økonomireglement

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

- Økonomi og Delegasjonsreglement for Sveio kyrkjelege Fellesråd, Sveio sokneråd og Valestrand og Førde Sokneråd vert godkjent.
- Økonomi og Delegasjonsreglementet vert og sendt over til styret for Sveio Soknehus for behandling der.

Behandling i møte:**Fellesrådet sitt vedtak:**

- Økonomi og Delegasjonsreglement for Sveio kyrkjelege Fellesråd, Sveio sokneråd og Valestrand og Førde Sokneråd vert godkjent.
- Økonomi og Delegasjonsreglementet vert og sendt over til styret for Sveio Soknehus for behandling der.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	01.10.2019	Fel . 21/2019	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 21/2019 Møteplan

Nåverande Fellesråd har sitt mandat til ut november 2019. Innan den tid skal dei to sokneråda ha konstituert seg og valt nye representantar til det nye fellesrådet. Det er og forventa at kommunen og prosten har peika ut sine representantar til det nye rådet innan den dato.

Fellesrådet bør ta stilling til om nåverande Fellesråd skal ha eit møte i slutten av november for å vedta budsjett og økonomiplan mv.

Fellesrådet bør og ta stilling til om rådet skal invitere til eit overlappande møte med nytt råd. Det nye rådet bør og ha konstituert seg innan 1.desember.

Det kan derfor vera aktuelt å ha eit delt møte i slutten av november der nåverande råd gjer nødvendig vedtak. Deretter kan siste del av møte vera ei konstituering av det nye fellesrådet. Det kan og leggas inn ei felles økt der det vert gitt informasjon frå avtroppande råd til det nye rådet.

Aktuelle datoar for eit overlappande møte kan vera 26.11 eller 3.12, ev veke 47; 19-21.11

Fellesrådet er invitert til utvida formannskap 4.11. Det er vanleg av leiar eller annan representant for Fellesrådet tek del der i tillegg til kyrkjeverje. Fellesrådet vert utfordra til å peika ut ein som kan møta der.

Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer at rådet sjølv må ta stilling til møteplan og overgang til nytt råd.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio kyrkjelege Fellesråd set opp følgjande dato for møte:

På møte 4.11 med Utvida Formannskap møter;

Behandling i møte:**Fellesrådet sitt vedtak:**

Sveio kyrkjelege Fellesråd set opp følgjande dato for møte: **TORS DAG 21.11 KL 1800**

Møte vert felles mellom nytt og avtroppande råd

På møte 4.11 med Utvida Formannskap møter; Kyrkjeverje og leiar

